



BIOLAST AS
Ytrehornsvegen 8
6763 HORNINDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Lisa Thorstensen, 71 25 84 56

Vedtak om løyve etter forureiningslova til avfallsanlegg - Hornindal - Biolast AS - Vest Bio-Park AS

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir Biolast AS løyve til mottak og behandling av matavfall. Løyvet er gitt med vilkår som de må oppfylle, sjå vedlegg.

Avgjerda er heimla i forureiningslova § 11 jf. § 16.

Statsforvaltaren vedtek at verksemda skal betale kr 137 000 i gebyr for dette løyvet etter sats 4 i § 39-4.

Biolast AS søkte 18.11.2024 om løyve til verksemd etter forureiningslova.

I vurderinga og avgjerda vår har vi vege forureininga opp mot dei fordelane og ulempene som tiltaket elles vil gje. Vilkåra vi har sett, skal regulere forureininga etter kva som er mogleg med dei beste teknikkane vi har i dag.

Om vilkåra

Aktivitetane og utsleppa som vi meiner vil ha størst betydning for miljøet, har vi regulert gjennom spesifikke vilkår i løyvet, sjå vedlegget. Andre kjente utslepp som ikkje er nemnde i løyvet, kan også vere omfatta av det. Utslepp av prioriterte stoff som er oppført i vedlegg 1 til løyvet, er forbode med mindre dei er spesifikt regulerte i vilkåra.

All forureining frå bedrifta er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei utslippsgrensene som er sett, har de plikt til å redusere utsleppa så langt dette er mogleg. Utslepp av komponentar som det ikkje er sett spesifikke grenser for i vilkåra, skal de også redusere så mykje som mogleg.

Ei eventuell endring

De kan søkje om endring av løyvet, jf. forureiningslova § 18. Da skal vi behandle og utgreie saka på nytt. Derfor må de sende ein eventuell endringssøknad i god tid før de ønskjer at endringa skal gjennomførast. Etter ti år kan Statsforvaltaren ta initiativ til endring.



Industriutsløpsdirektivet, BREF-dokument og BAT-konklusjonar

Industriutsløpsdirektivet (IED) trådte i kraft 6. januar 2013. Direktivet er teke inn i norsk rett gjennom forureiningsforskrifta kapittel 9 og 36 og avfallsforskrifta kapittel 10. IED stiller også ytterlegare krav, mellom anna krav til tilsynsfrekvens (§36-23) og krav til utarbeiding av tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn (§ 36-21).

Til støtte for gjennomføring av IED vert det laga eit såkalla BREF (BAT-referansedokument) som skildrar beste tilgjengelege teknikkar for ein sektor eller bransje, kalla BAT-konklusjonar. Desse vert utarbeidde på bakgrunn av BREF-dokumenta. Konklusjonane skildrar beste tilgjengelege teknikkar og forpliktande utsløpsnivå, BAT Associated Emission Levels (BAT-AEL), for ulike bransjar eller sektorar. Myndighetene er forplikta til å følgje BAT-konklusjonane når det vert sett vilkår i løyvet til ei forureinande verksemd.

BAT-konklusjonar for avfallsbehandling

BAT-konklusjonane for avfallsbehandling vart vedtekne og offentleg publiserte 10. august 2018. Behandlingskapasitet avgjer om eit anlegg er omfatta av BREF for avfallsbehandling, og dette er skildra i forureiningsforskrifta kapittel 36, vedlegg I, punkt 5.3 b). Statsforvaltaren har vurdert at verksemda dykkar har ein behandlingskapasitet som gjer at de er omfatta av BAT-konklusjonane for avfallsbehandling.

Ei samla oversikt over BREF-ar og BAT-konklusjonar finst på <http://eippcb.jrc.ec.europa.eu/reference/>. BAT-konklusjonar for avfallsbehandling finst under "Waste Treatment".

Pliktar

Verksemda har erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga fører til, sjølv om de har løyve til forureining, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til krava som løyvet set, har de plikt til å halde forureiningslova, produktkontrolllova og forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av desse forskriftene er nemnde i løyvet. Regelverket finst på lovdata.no. Brot på desse lovene og forskriftene er straffbart. Det same gjeld brot på utsløpsløyvet, jf. forureiningslova §§ 78 og 79.

Fristar

Bedrifta skal innan 01.01.2026 utarbeide og levere:

- Lukthandteringsplan og kommunikasjonsplan, jfr. Punkt 5.2.4 i løyve.
- Tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn, jfr punkt 9.1 i løyve.
- Luktundersøking, jfr. Punkt 9.3 i løyve skal innsendast 6 månader etter oppstart.

Saksframstilling

Om saka

Biolast AS søker om løyve etter forureiningslova til årleg mottak og behandling av inntil 25 000 tonn matavfall ved Vest Bio-park i Volda kommune. Det er plan om eit nybygg som vert tilpassa denne type produksjon. Det vert anskaffa ei matavfallsmaskin som kverner matavfallet og sorterar ut restavfall. Matavfallet vert deretter tilsett vatn og denne substrat skal transporterast vidare i væsketette containerar/tankbil til biogassanlegg. Restavfallet som vert sortert ut vert frakta til godkjent mottak. Alt vatn frå aktiviteten skal tilbakeførast til prosessen.



Verksemda er omfatta etter forureiningsforskrifta kapittel 36, vedlegg 1, punkt 5.3 b) då dei har ei gjenvinning/sluttbehandling av avfall med kapasitet på over 75 tonn pr. dag.

Høyringsuttaler

Søknaden var på høyring 13.01.2025-07.02.2025. Det er motteke 3 uttalar.

1.Gunnar Fannemel med fleire visar til punkt som gjeld reguleringsplan, nabolova og dei meiner at risikovurderinga og saksgrunnlag i søknaden er mangelfull. Det vert uttrykt bekymring for lukt frå anlegget, og det stilles spørsmål om kor mykje matavfall som faktisk skal inn i anlegget.

2.Jan Åge Torheim med fleire uttrykk bekymring for etablering av mottak av matavfallsanlegg i sitt nærområde, og dei er usikre på om vurderingane i forhold til lukt er gjort godt nok. Det vert påpekt samanhengar med luktutfordringar i forhold til at det etablerast eit biogassanlegg på område. Biogassanlegget skal benytte seg av matavfallet. Det uttrykkas uro til at anlegget kan tiltrekke seg skadedyr som kan føre til smittepress for nærliggande gardar. Vidare opplysast det om punkt som gjeld reguleringsplan og trafikkregulering/sikring i forhold økt brukt av veg.

3.Lars M. Fugeldal nemner luktutslepp, oppsamling av vaskevatt frå vask av bilane, oppsamling av vatn frå hall og trafikkareal, plast i matavfall, tankkapasitet ved driftsstans, hygenisering av avfallet.

Kommentar frå Biolast AS til motteke uttalar:

1.Det er søkt om årleg mottak av 25 000 tonn matavfall. Luktanalyse er basert på gjeldande standarder og lovverk. Spredningsanalysene er gjennomført i eit worst-case scenario etter gjeldande standard. Beregningane tek omsyn til varierende forhold. Vi beskriver overføring av substrat til Vest Biogass gjennom rørledning. Vi meiner dette er utelukkande positivt med hensyn til lukt. Biolast vil forholde seg til dei utsleppsgrensar som vert sett av statsforvaltar. Vår vurdering av andre interesser er basert på planomtale – detaljregulering med konsekvensutgreiing og ROS analyse (Mulvik 27.08.2020). Området har status som regulert for industri/lager, og planlagte aktivitet fell under eit industri tiltak.

2.Biolast meiner at bruken av området er avklart gjennom reguleringsplan. Planomtalen beskriv vidare at områder med formål naturområde i planen kan nyttast til beite. Biolast meiner at forholdet til beitebruk er avklart i planprosessen. Området vil verte inngjerda. Når det gjeld naboane si uro for at prosessanlegget skal tiltrekke seg skadedyr så er dette eit forhold vi har teke på alvor. Heile prosessen foregår inne i eit lukka bygg utan tilknytning til avløp eller overvassnett. Angående dispensasjon frå rekkeføljekrav i reguleringsplanen er det riktig at ein har søkt dispensasjon frå dette kravet. Vi ser berre oppsider for naboar ved at slik flytting vert gjort, og det vil heller ikkje sette vesentleg til side formålet med rekkeføljekravet. Angående trafikkbelastning ser vi at denne nabomerknaden går mykje på forhold som allereie er avklart i reguleringsplanen.

3. Hentefrekvens stemmer om lag med praksis som IKS har i regionen. Det er lagt opp til luftsluser. Systemet vi legg opp til er godt utprøvd f.eks hos VØR på Melsgjerdet. Kapasitet 25 000 tonn/70 tonn = 357 dagar i året. Ved maksimal kapasitet vil det vere mottak tilnærma alle dagar heile året. Transporten foregår med vesketette containrar som vaskast etter bruk. Vatn etter spyling av containrar vil gå tilbake i prosessanlegg. Det er ikkje avreining frå køyretøy utomhus. Det nyttast vesketette containrar. På utomhus areal er det ikkje direkte krav til oljeutskiller. Inne i prosessanlegget er det formålstenleg å installere ein oljeutskiller mellom sluk og tilbakeføring til prosessanlegg som ei sikkerheit dersom uhell skulle oppstå ved tipping. Dette gjerast vurderingar på når ein detaljerer opp prosessanlegg og bygg vidare. Prosessanlegget har ytelser i henhold til krav. For substratkvalitet baserer vi oss på en leveranse etter SPCR120 mtp plastinnhold. Ved driftsstans



vil matavfallet bli ruta om til andre anlegg. Hygenisering av substrat skjer på biogassanlegg – ikkje på forbehandlingsanlegg.

Statsforvaltarens kommentar til uttalar:

Punkt som gjeld reguleringsplan er kommunens ansvarsområde, og vil ikkje verte kommentert vidare i denne saken. Forhold knytt til hyttefelt, rekreasjonsområde og kulturminner omfattast av reguleringsplan. Forhold som gjeld utslepp til luft, utforming av hallar, oppsamling av vatn, oljeutskiljar, plast/framanlegeme i avfallet, skadedyrkontroll, driftstider i forhold til trafikk, og kor mykje avfall bedrifta får motta vert omtalt i saka nedanfor.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Ved avgjerd av om løyvet skal givast og ved fastsetjing av vilkåra skal Statsforvaltaren som forureiningsstyresmakt etter forureiningslova § 11 leggje vekt på fordelane og ulempene som tiltaket elles vil føre med seg. Dette inneber at det må gjerast ei heilskapleg vurdering der både forureiningsomsyn, generelle miljøomsyn og allmenne samfunnsomsyn blir tekne med i vurderinga. Det følgjer både av forureiningslova og tilhøyrande forskrifter prinsipp som Statsforvaltaren som forureiningsstyresmakt skal leggje til grunn ved handsaming av søknad om løyve.

Vurdering av planstatus Område er regulert til industri

Forureiningsforskrifta kapittel 36 EUs industridirektiv (IED) er innført i norsk regelverk mellom anna gjennom forureiningsforskrifta kapittel 36 med vedlegg. Dette inneber at det skal sørgjast for at bedrifter med løyve til forureinande verksemd nyttar best tilgjengelege teknikkar (BAT) i den aktuelle bransjen og minst oppnår tilhøyrande utsleppsnivå (BAT-AEL). Biolast AS opplysar at dei ikkje skal ha utslepp til vatn, og at all aktivitet skal foregå innandørs.

Støy Det er ikkje venta støy frå anlegget som kan føre til støyplager for naboar. Det er likevel sett krav til grenser for støy og driftetid i løyvet. Ved klager på støy kan forureiningsstyresmaktene krevje utførte støyberekningar.

Utslepp til luft Mottak og behandling av matavfall kan medføre lukt. Verksemda opplyser at det skal vere eit lukka anlegg med liten fare for luktutslepp. Avfallet vert transportert til og frå anlegget med lukka containerar. Tømming av containerar vil skje innandørs. Store delar av avfallet er tenkt benytta i biogassproduksjonen til Vest Biogass som er nabo til anlegget. Biolast kjem til å legge til rette for at leveransane til Vest Biogass kan verte levert gjennom rørledning. Store mengder vil då unngå transport med lastebil. Planlagt tiltak for luktbehandling er ein kombinasjon av fotokosidasjon, kolfilter og fortynning i skorstein. Det vert sett krav i løyvet der luktkravet er sett til 1 ouE/m³ som maksimal månadleg 99 % timefraktil ved næraste bustadhus. Dersom det oppstår luktplager, kan det bli aktuelt å påleggje ytterlegare tiltak knytt til lukt.

Krav om tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn (punkt 9.1 i løyvet)

Som ein del av søknaden skal det utarbeidast ei miljøteknisk grunnundersøking og tiltaksplan for forureina grunn. Denne rapporten kan inngå som ein del av grunnlaget for tilstandsrapporten. Tilstandsrapporten skal vere i tråd med Miljødirektoratets rettleiar M-630. Ein del av tilstandsrapporten er til dømes å føreslå overvaking av grunnvatn. Frist for innsending av rapport er 01.01.2025.

Mottakskontroll og dokumentasjon av avfall på førehand (punkt 3.2 og 3.3 i løyvet) og utgreiing av kriterium for mottak (punkt 9.3 i løyvet)



Vi meiner det er behov for å stille krav som sikrar at inngåande avfall som vert tillate, har ein dokumenterbar nytteverdi og ikkje medfører risiko for skade på helse eller miljø. Vi har i vilkår 3.2 sett krav om at verksemda må ha tilstrekkeleg dokumentasjon på opphavet til avfallet.

Dokumentasjonen skal brukast til å gjere ei vurdering av om avfallet tilfredsstillar mottakskriterium for anlegget, og dermed kan takast imot, eller om det må avvistast.

Kravet om førehandsdokumentasjon og førehandsgodkjenning av avfall er ei implementering av BAT 2a) i BAT-konklusjonane for avfallsbehandling (WT). Her står det at: *"Føremålet med desse framgangsmåtane er å sikre at avfallsbehandlinga er teknisk (og rettsleg) eigna for ein bestemt type avfall før avfallet kjem til anlegget. Dei omfattar framgangsmåtar for å samle inn informasjon om det tilførte avfallet og kan omfatte prøvetaking og karakterisering av avfallet med tanke på å få tilstrekkeleg kunnskap om samansetjinga til avfallet. Framgangsmåtane for førehandsgodkjenning av avfallet er risikobaserte og tek til dømes omsyn til avfallsets farlege eigenskapar, risikoane avfallet utgjer med tanke på prosesstryggleik, tryggleik på arbeidsplassen og miljøverknad, samt informasjonen som vert lagt fram av tidlegare avfallsinnehavarar."*

Vi vurderer at det er naudsynt å ha kunnskap om avfallet som anlegget tek imot, og mottakskriterium for innhald av forureiningar, for å sikre at det er liten risiko for at plast i inngåande avfall vert spreidd vidare. Når avfallstypen er godt dokumentert, vil hyppigheit og omfang av verifikasjon kunne fastsetjast ut frå ei risikovurdering.

Utgreiinga av mottakskriterium må inkludere plast, tungmetall, miljøgifter og andre ureiningar. Når det gjeld kva miljøgifter og tungmetall som må undersøkast, må dette inkludere dei stoffa ein kan forvente å finne i avfallet som er ønskt å motta. Valet av stoff må grunngjevast. Dersom det er risiko for at nokre av dei inngåande avfallstypene inneheld plast, må utgreiinga inkludere dette. Ein må då analysere dei plastfraksjonane som det er mogleg å analysere på, og minimum ned til 2 mm storleik.

Mottak av avfall (punkt 3.3 i løyvet)

Det vert sett vilkår om å ha ein mottakskontroll av avfallet når det kjem til anlegget. Det er sett krav om at det må etablerast rutinar for stikkprøvekontroll og inspeksjon for å kontrollere om opplysningane som er leverte i førehandsdokumentasjonen stemmer. Det er også krav om registrering av vekt og kva som må registrerast.

Kravet om kontroll av avfall ved mottak er ei implementering av BAT 2b) i BAT-konklusjonane for avfallsbehandling (WT). Her står det at utarbeiding og gjennomføring av framgangsmåtar for godkjenning av avfall vert rekna som BAT.

I skildringa står det: *"Føremålet med framgangsmåtane for godkjenning er å stadfeste avfallsets eigenskapar som vart identifiserte i samband med førehandsgodkjenninga. Desse framgangsmåtane definerer kva element som skal kontrollerast når avfallet kjem til anlegget, samt kriterium for godkjenning og avvising av avfallet. Dei kan omfatte prøvetaking, inspeksjon og analysing av avfallet. Framgangsmåtane for godkjenning av avfallet er risikobaserte og tek til dømes omsyn til avfallsets farlege eigenskapar, risikoane avfallet utgjer med omsyn til prosesstryggleik, tryggleik på arbeidsplassen og miljøverknad, samt informasjonen som vert lagt fram av tidlegare avfallsinnehavarar."*

I tråd med BAT skal utarbeiding av rutinar for stikkprøvekontroll og inspeksjon baserast på risikovurdering.

Avfallshandtering Matavfallet skal sorterast og kvernast i lukka hall. Ferdigsortert og kverna matavfall er planlagt ført til biogassanlegg. Utsortert avfall skal leverast til godkjend mottak.

Vurdering etter vassforskrifta Anlegget skal liggje i eit etablert industriområde med tilknytning til Storelva og Hornindalsvassdraget. Storelva er klassifisert med særskild god økologisk tilstand, medan Hornindalsvatnet har god økologisk tilstand. Anlegget skal vere lukka, restprodukt av vatn skal førast



tilbake til produksjonsprosessen. Anlegget er lokalisert nær ei elv, det vert opparbeida flomvern mot elv. Prosessvatn, vatn frå hall og spylevatn frå vask av containere vert tilbakeført i produksjon. Slukar i bygg vil ikkje vere tilknytta rørsystem, men gå tilbake i prosessanlegg. Reint overflatevatn frå uteområde er planlagt oppsamla i kum og infiltrerast i grunn. All aktivitet skal skje i lukket hal og alt vatn frå hallen skal gå tilbake til prosessen. Det vurderast at det ikkje er behov for oljeutskiljar. Anlegget skal ikkje ha utslepp til vatn. Statsforvaltaren vurderer difor at det ikkje er naudsynt med nærare vurdering etter vassforskrifta.

Vurdering etter naturmangfaldlova I følgje naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i lova §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig styresmakt som rører naturmangfald. Dette inneber at prinsippa i naturmangfaldlova òg må leggjast til grunn ved vurderingar etter forureiningslova. Nedanfor følgjer ei vurdering av tiltaket i samsvar med lovas retningslinjer.

§ 8 – kunnskapsgrunnlaget Databasane Vannnett og Naturbase er nytta. Vannnett visar at området ligg i tilknytning til Storelva og Hornindalsvassdraget. Storelva er klassifisert med særskild god økologisk tilstand, medan Hornindalsvatnet har god økologisk tilstand. I Naturbase er det registrert naturtypen fossespåverka berg og fossesprøytsone i elva nær staden der anlegget skal liggje. Det er ikkje registrert spesielle dyreliv eller fugleliv i nærområdet til anlegget. Dei næraste observerte registrerte punkta i Naturbase er med avstand 350 meter med arten kvitryggspett og 450 meter med arten Rosenfink.

§ 9 – føre-var-prinsippet Drifta av anlegget skal skje i eit lukka system og vil liten fare for utslepp. Lagring av mottatt avfall skal skje i tette containere. Tømming av tette containarar skal skje innendørs i lukka hall med tett dekke. Eventuelt søl og lekkasjar skal samlast opp og førast tilbake til prosessen. Overflatevatn skal handterast slik at det ikkje medfører skade eller ulempe for miljøet. Det kan bli aktuelt å krevje reinsing av avlaupsvatn dersom det viser seg naudsynt. Statsforvaltaren vurderer risikoen for uoppretteleg skade på naturmangfaldet i nærområdet som liten.

§ 10 – samla belastning Under normale driftsforhold med drift i lukka hall og lagring i tette containere vil det vere liten fare for utslepp, og dermed ikkje bidra til ei auka samla belastning.

§ 11 – kostnadene ved miljøforringing Det er tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade på miljø og naturmangfald som tiltaket medfører. Viser det seg at belastninga frå drifta blir for stor, må verksemda ta kostnadene med forbetringstiltak.

§ 12 – miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar Det skal takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikk og lokalisering som ut frå tidlegare, noverande og framtidig bruk av naturmangfaldet og økonomiske tilhøve gir dei beste samfunnsmessige resultata. Verksemda pliktar å redusere utsleppa sine så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Anlegget skal nytte dei beste tilgjengelege teknikkane så langt det lèt seg gjere, utan at det medfører urimelege kostnader.

Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir Biolast AS løyve til mottak og sortering av matavfall med føresetnad av at de oppfyller vilkåra vi har sett. Etter vår vurdering vil ikkje denne verksemda gje uakseptabel forureining dersom vilkåra blir følgde.

Gebyr

Statskassa tek gebyr for vår konsesjonsbehandling, jf. kapittel 39 i forureiningsforskrifta. Vi har sendt dykk varsel om dette 06.01.2025. Det vart varsla eit gebyr på kr 91 400, sats 5. Behandling av søknaden har teke lengre tid og det er nytta meir resursar enn forventa. Statsforvaltaren vedtek derfor å endre gebyrsats til sats 4, kr 137 000. Verksemda skal betale kr 137 000 i gebyr for dette løyvet etter sats 4 i § 39-4.



Gebyrsatsen blir bestemt ut frå ressursbruken i saksbehandlinga. Dette omfattar gjennomgang av søknaden, møter og korrespondanse med dykk, høyring av saka og å ferdigstille løyvet. Innsats frå andre fagpersonar hos Statsforvaltaren inngår også. Samlet ressursbruk er ca. 3 veker.

Faktura vil bli ettersendt frå Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter de har mottatt fakturaen.

Klagerett

Alle med klagerett kan klage på dette vedtaket innan 3 veker frå de fekk kjennskap til det eller de burde ha skaffa dykk kjennskap til det. I ein klage skal det komme klart fram kva de klagar på og kva for endringar de ønskjer. De bør nemne grunnen til klagen og gje opplysningar av betydning for saka. Klagen skal de sende til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket må utsetjast. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan bestemme at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Denne avgjerda kan ein ikkje klage på.

Alle som er partar i denne saka har rett til å sjå dokumenta i saka med nokre unntak. Nærare opplysningar om dette får de hos Statsforvaltaren. Vi kan også gje opplysningar om saksbehandlingsreglar og andre reglar av betydning for saka.

De kan klage på gebyrsatsen innan tre veker etter at de fekk dette brevet, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. De må skrive kvifor de klagar. Klagen skal de sende til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Gebyret som er oppgitt i dette vedtaket, må de uansett betale. De får tilbake det overskytande beløpet dersom de får medhald i klagen.

Vi har sendt kopi av dette brevet og vedlegga til dei som saka kjem ved.

De skal offentliggjere løyvet

Dette vedtaket skal de gjere kjent for offentlegheita, jf. § 36-18 i forureiningsforskrifta. Derfor skal de så snart som mogleg kunngjere vedtaket i den lokale/regionale avisa dykkar. Gje ei kort orientering om løyvet og informer interesserte om kvar dei kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta. De skal også informere om kven som er klageinstans og om fristen for å klage på vedtaket. De kan bruke dykkar eigen logo i kunngjeringa. Statsforvaltaren sin logo skal ikkje brukast.

Vi vil kunngjere vedtaket på våre nettsider www.statsforvaltaren.no/mr.

Forslag til kunngjeringstekst:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir Biolast AS løyve til mottak og sortering av matavfall.

Biolast AS får løyve etter forureiningslova til årleg mottak og sortering av inntil 25 000 tonn matavfall ved Vest Bio-park i Volda kommune.

Vedtak kan lesast på www.statsforvaltaren.no/mr.

Kommentarar eller klage på vedtaket kan sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, postboks 2520, 6404 Molde, eller til sfmrpost@statsforvalteren.no innan tre veker.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)

Lisa Thorstensen



underdirektør

overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Løyve til avfallsanlegg etter forureiningslova

Kopi til:

Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
FANNEMEL	c/o Gunnar Fannemel	6763	HORNINDAL
CEMENTVAREFABRIKK AS	Hornindalsvegen 253		
VEST BIOGASS AS	Ytrehornsvegen 8	6763	HORNINDAL
VEST BIOGASS EIENDOM AS	Støve	6763	HORNINDAL
LINJA AS	Langemyra 6	6160	HOVDEBYGDA
Lindis Tomasgard Torheim	Tomasgardvegen 18	6763	Hornindal
Einar Helge Tomasgard	Tomasgardvegen 66	6763	Hornindal
Pål Ruben Seljeset	Tomasgardvegen 104	6763	Hornindal
Tomasgard			
Linda Haugen Tomasgard	Korsavegen 1	6102	Volda
Rasmus Olav Sætren	Tomasgardvegen 82	6763	Hornindal
Nils Lars Seljeset	Tomasgardvegen 37	6763	Hornindal
Gunnar Fannemel	Hornindalsvegen 253	6763	Hornindal
Eline Fannemel	Hornindalsvegen 288	6763	Hornindal
Lars Fugledal			
Trygve Haugen	Kjøsastranda 184	6763	Hornindal



Løyve til verksemd etter forureiningslova for Biolast AS

Løyvet er gitt i medhald av *lov om vern mot forurensninger og om avfall* av 13. mars 1981 nr. 6 (forureiningslova), § 11 jf. §§ 16 og 29. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningane i søknaden og under saksbehandlinga.

Den driftsansvarlege¹ må i god tid på førehand søkje om å endre løyvet, dersom det er ønske om å endre drifta på måtar som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda, og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra.

Dersom den driftsansvarlege ikkje har teke i bruk heile eller vesentlege delar av løyvet innan fire år etter at løyvet har tredd i kraft, skal den driftsansvarlege sende ei forklaring for omfanget av verksemda, slik at vi kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Driftsansvarleg	Biolast AS
Postadresse	Ytrehornsvegen 8, 6763 Hornindal
Org. nummer	932483203
Næringskode og bransje	1111 - Kjøkken- og matavfall fra stor- og småhushald
Namn på anlegget	Vest Bio-Park
Plassering/gateadresse	Raudemel
Kommune og fylke	Volda kommune i Møre og Romsdal fylke
Lokalisering av verksemda	UTM-sone 32, aust: 371920, nord: 6875499
Gnr./bnr.	203/22
Kategori for verksemda ²	5.3 b)

Løyvenummer: 2025.0320.T	Anleggsnummer: 1577.0099.02	Arkivreferanse: 2024/6314
Løyve første gong gitt: 20.05.2025	Løyve sist revidert i medhald av forureiningslova § 18 tredje ledd:	Løyve sist endra:
Christian Dahl Underdirektør		Lisa Thorstensen overingeniør

¹ I dette dokumentet meiner ein:
verksemd: den forureinande aktiviteten på ein viss lokalitet
driftsansvarleg: den fysiske eller juridiske personen som driv eller kontrollerer drifta av verksemda

² Jf. *forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova.

Endringsnummer	Endringar av	Punkt og beskriving av endring

Innholdsliste

1	Ramma for løyvet	4
1.1	Lokalitet	4
1.2	Avfallstypar, -behandling og -mengder	4
1.3	Driftstid	4
2	Generelle vilkår	4
2.1	Utsleppsavgrensingar	4
2.2	Plikt til å overhalde grenseverdier	4
2.3	Internkontroll og kompetanse	4
2.4	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare	5
2.5	Sikring og skjerming	5
3	Handtering av avfall	5
3.1	Generelle krav til avfallshandtering	5
3.2	Førehandsdokumentering av avfall	5
3.3	Mottak av avfall	5
3.4	Lagring	6
3.5	Behandling av avfall	7
3.5.1	Krav til sortering og omlasting	7
3.5.2	Krav til kverning av avfall	7
3.6	Krav til vidarelevering	7
3.7	Avfall som oppstår i verksemda	7
4	Utslepp til vatn	7
4.1	Handtering av vasstraumar og utsleppsreduserande tiltak	7
4.2	Utsleppspunkt	7
5	Utslepp til luft	7
5.1	Diffuse utslepp	7
5.2	Lukt	8
5.2.1	Luktavgrensing	8
5.2.2	Luktrisikovurdering	8
5.2.3	Førebyggjande tiltak og driftsplan	8
5.2.4	Lukthandteringsplan, kommunikasjonsplan og klageregistrering	8

6	Støy	8
7	Utsleppskontroll og rapportering til forureiningsstyresmakta	9
7.1	Utsleppskontroll	9
7.2	Program for utsleppskontroll	9
7.3	Rapportering til forureiningsstyresmakta	9
8	Miljøovervaking – utsleppskontroll	10
9	Undersøkingar og utgreiingar	10
9.1	Tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn	10
9.2	Utgreiing av mottakskriterium for avfallet anlegget kan ta imot	10
9.3	Luktundersøking	10

1 Ramma for løyvet

1.1 Lokalitet

Løyvet gjeld forureining frå drifta av Vest Bio-Park i Volda kommune, gnr. 203 bnr. 22.

1.2 Avfallstypar, -behandling og -mengder

Løyvet gjeld mottak og sortering av inntil 25 000 tonn matavfall per år. Tabell 1 viser avfallstypar og behandling som er tillate. Mengda avfall på verksemdsområdet skal ikkje overstige 400 tonn. Grensa gjeld samla for avfall som blir lagra i påvente av behandling, avfall som er under behandling, og ferdig behandla avfall.

Tabell 1: Avfallstypar, avfallsmengder og lagringstid

Avfallstype	Behandling (krav knytte til behandling er angitt i kapittel 3)	Maksimal mengd motteken per år (tonn)	Maksimalt på lagar til kvar tid (tonn)	Maksimal lagringstid (veker/ månader)
1111 - Matavfall	Sortering og kverning	25 000	400	2 veker

1.3 Driftstid

Det er tillate med drift på området i tidsperioden 08.00-20.00 på kvardagar.

Det er ikkje tillate med drift i helgar og på heilagdagrar og offentlege fridagar.

I helgar er det tillate med drift på området i tidsperioden 09.00-17.00.

Med drift meiner vi normal tillaten aktivitet ved anlegget i tråd med krava i punkt 1.3. Drift omfattar også lasting og lossing på anlegget, handtering av konteinrar og annan aktivitet som medfører støy og forureiningsfare.

2 Generelle vilkår

For virksomheter omfattet av forurensningsforskriften kapittel 36A gjelder kravene i det forskriftskapittelet i tillegg til kravene i tillatelsen.

2.1 Utsleppsavgrensingar

Utsleppskomponentane frå verksemda som ein meiner har størst miljømessig betydning, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulerte på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp har komme fram i samband med saksbehandlinga eller må reknast for å ha vore kjende på annan måte då vedtaket vart gjort.

2.2 Plikt til å overhalde grenseverdier

Alle grenseverdier skal overhaldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for den aktuelle typen verksemd, i ei slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Internkontroll og kompetanse

Den driftsansvarlege pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med internkontrollforskrifta. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at den

driftsansvarlege overheld krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene. Den driftsansvarlege pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Den driftsansvarlege pliktar til kvar tid å ha oversikt over alle forhold som kan medføre forureining, og å kunne gjere greie for risikoforhold.

Den driftsansvarlege skal til kvar tid ha tilstrekkeleg kompetanse til stades på anlegget til å kunne vurdere miljørisikoen ved verksemda og gjennomføre tiltak for å sikre at den driftsansvarlege driv i samsvar med løyvet og anna regelverk.

2.4 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining, pliktar den driftsansvarlege så langt det er mogleg utan urimelege kostnader å setje i verk nødvendige tiltak for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, inkludert å redusere eller innstille drifta.

Den driftsansvarlege skal så snart som mogleg informere forureiningsstyresmakta om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare.

2.5 Sikring og skjerming

Anlegget skal til kvar tid vere sikra mot tilgang for uvedkommande og tjuveri. Utanom opningstidene skal anlegget vere avstengt.

Den driftsansvarlege skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at nærmiljøulempene som følgje av avfallshandteringa blir reduserte til eit minimum. Anlegget skal ha tilstrekkeleg skjerming, gjerde eller liknande for å unngå skjemmande innsyn og spreieing av avfall.

Den driftsansvarlege skal fortløpande rydde opp avfall som hamnar utanfor anlegget. Den driftsansvarlege skal ha ein rutine for nedkjemping av skadedyr.

3 Handtering av avfall

3.1 Generelle krav til avfallshandtering

Krav i avfallsforskrifta kapittel 10a om utsortering og materialgjenvinning av enkelte avfallstypar gjeld i tillegg til krava i løyvet.

Den driftsansvarlege skal gjennomføre nødvendige tiltak for å hindre spreieing og etablering av framande skadelege artar, også som del av mottakskontrollen (punkt 3.3).

3.2 Førehandsdokumentering av avfall

Før anlegget tek imot avfall, må den driftsansvarlege ha tilstrekkeleg dokumentasjon på opphavet kvar avfallet kjem frå, og kva det inneheld, for å kunne vurdere om avfallet er eigna for behandling ved anlegget. Dokumentasjonen skal tilpassast etter kvar avfallet kjem frå, og kva det inneheld. Før anlegget tek imot ein avfallstype, skal den driftsansvarlege ha gjennomført ei risikovurdering for handtering av avfallstypen på anlegget. Den vidare handteringa på anlegget må basere seg på denne vurderinga.

3.3 Mottak av avfall

Avfall skal vegast og registrerast inn til anlegget. Registreringa skal minimum bestå av:

- avfallstype
- mengder
- opphav og leverandør

- dato for mottak

Oversikt over registrert avfall skal vere tilgjengeleg ved inspeksjon og oppbevarast i minst fem år.

Den driftsansvarlege skal ha skriftlege rutinar for mottakskontroll som sørgjer for at anlegget berre tek imot avfallstypar som er omfatta av løyvet. Det skal vere definert kva som skal kontrollerast ved mottak av avfall, inkludert behov for stikkprøvetaking og inspeksjon. Det skal også vere kriterium for når avfall skal avvisast.

Den driftsansvarlege skal informere kundar om kva avfallstypar det er tillate å levere til anlegget.

Dersom ein oppdagar avfall med usikkert innhald, skal ein undersøkje dette for å avklare innhaldet.

Avfall som verksemda har løyve til å handtere, men som ikkje kan handterast på ein forsvarleg måte ved anlegget, skal leverast til eit anlegg som har løyve, og som ein veit sikkert at kan behandle avfallet.

Den driftsansvarlege skal kontrollere avfallet for framandlekamar. Framandlekamar som kan gjere at biologiske behandlingsprosessar blir vanskelege, eller at behandlingsprosessen får eit dårlegare resultat, skal sorterast ut.

Avvik i mottakskontrollen skal registrerast, og den driftsansvarlege skal ha system og rutinar for å følgje opp avvik og hindre gjentakning.

3.4 Lagring

Lagra avfall skal vere merkt slik at det er tydeleg kva som er lagra. Den driftsansvarlege skal i tillegg ha kart der det er markert kvar ulike typar avfall er lagra, og ei oversikt over mengder, kvalitet og lagringstid for ulike typar avfall.

Avfall som ved samlagring eller samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller danning av farlege stoff, skal lagrast for seg med nødvendig avstand.

Tankar, basseng o.l. som inneheld flytande avfall, skal vere knytte til eit alarmanlegg som varslar personale ved plutseleg nivåendring utanom tidsrommet der det skjer påfylling og uttapping.

Avfall med ukjent innhald skal lagrast innandørs på tett dekke inntil ein har skaffa fram nødvendig dokumentasjon på kva avfallet inneheld.

Ferdig behandla avfall skal lagrast åtskilt frå ubehandla avfall.

Krav til lagringsforhold for ulike avfallstypar står i tabell 2.

Tabell 2: Krav til lagringsforhold

Avfallstype	Dekke	Andre krav	Maksimal lagringstid
1111 - Kjøkken- og matavfall fra stor- og småhushald	Tett	Tette tankar/container	2 veker
Avfall frå kverning av matavfall - rejeekt – utsortert avfall	Tett	Tette tankar/container	3 veker

3.5 Behandling av avfall

3.5.1 Krav til sortering og omlasting

Sortering og omlasting av matavfall skal gå føre seg innadørs på tett dekke.

Portar i mottakshall skal lukkast før tømning av avfall byrjar. Dei delane av anlegget der det forventas blir merkbar lukt, skal vere ventilerte med undertrykk. Dører/portar skal vere lukka, bortsett frå ved inn- og utkøyring.

3.5.2 Krav til kverning av avfall

Kverning av matavfall skal gå føre seg innandørs på tett dekke med kanaliserte utslepp til luft i tråd med krav i punkt 5.1.

3.6 Krav til vidarelevering

Avfall som blir levert ut av anlegget, skal vegast og registrerast. Registreringa skal som minimum bestå av:

- Avfallstype
- Mengd
- Mottakar

Den driftsansvarlege skal informere mottakaren om innhaldet i avfallet.

3.7 Avfall som oppstår i verksemda

Den driftsansvarlege skal ha oversikt over avfall som oppstår som følgje av eiga drift. Avfallet skal handterast i tråd med krava i forureiningslova § 32. Ved handtering av dette avfallet i eige anlegg skal avfallet vegast og registrerast inn på lik linje med anna avfall anlegget tek imot.

4 Utslepp til vatn

Verksemda skal ikkje ha utslepp av vatn frå handtering av avfall.

Det er ikkje tillate med utslepp av vatn frå innandørs avfallshandtering. Prosessvatn frå avfallshandtering skal samlast opp og tilbakeført til produksjon. Dette inkludera spylevatn frå containrar.

4.1 Handtering av vasstraumar og utsleppsreduserande tiltak

Den driftsansvarlege skal avskjere reint overvatn frå omgivnadene rundt anlegget. Reint overvatn frå verksemda skal handterast slik at det ikkje kan medføre skade eller ulempe for nærmiljøet. Vatn frå tak eller anna reint overvatn skal leiast utanom areal for avfallshandtering.

4.2 Utsleppspunkt

Overflatevatn skal førast til samleikum før infiltrasjon i grunn.

5 Utslepp til luft

5.1 Diffuse utslepp

Diffuse utslepp³ i form av støv og liknande frå behandlingsprosessar og uteareal som kan medføre skade eller ulempe for naturmiljøet og naboar, skal avgrensast mest mogleg. Den driftsansvarlege

³ Diffuse utslepp: alle utslepp utanom eventuelle punktkjelder

skal ha planar for å førebyggje og hindre støv og skal ved behov gjennomføre tiltak for å redusere utslepp av støv frå alle støvande aktivitetar.

5.2 Lukt

5.2.1 Luktavgrensing

Verksemda skal drivast slik at luktulempar i omgivnadene blir avgrensa mest mogleg.

Luktimmisjon ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige $1 \text{ ou}_E/\text{m}^3$, angitt som maksimal månadleg 99 prosent timefraktil.

5.2.2 Luktrisikovurdering

Det skal gjennomførast ei luktrisikovurdering i tråd med tilrådingane i vedlegg 3 i Miljødirektoratets rettleiar *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelse etter forurensningsloven*. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal luktrisikovurderinga oppdaterast.

5.2.3 Førebyggjande tiltak og driftsplan

På bakgrunn av luktrisikovurderinga skal den driftsansvarlege setje i verk luktrisikoreduserande tiltak. Den driftsansvarlege skal ha ein driftsplan som sikrar at luktulempar ved verksemda blir avgrensa. Planen skal vere i tråd med tilrådingane gitt i vedlegg 4 til Miljødirektoratets rettleiar *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelse etter forurensningsloven*. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal driftsplanen oppdaterast.

Den driftsansvarlege skal dagleg føre ein driftslogg, slik at det kan dokumenterast at driftsplanen er følgd.

5.2.4 Lukthandteringsplan, kommunikasjonsplan og klageregistrering

Den driftsansvarlege skal ha ein lukthandteringsplan og ein kommunikasjonsplan som er i tråd med Miljødirektoratets rettleiar *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelse etter forurensningsloven*.

Den driftsansvarlege skal informere forureiningsstyresmakta og naboar når det blir planlagt aktivitet som mellombels kan medføre auka luktbelastning. Det same gjeld dersom svikt i utstyr eller liknande kan medføre auka luktplager.

Den driftsansvarlege skal ha eit digitalt system for registrering av innkommande klager på lukt som skal knytast til stad og tid. Den driftsansvarlege skal vurdere klagen opp mot driftsplanen og andre relevante forhold, og eventuelle gjennomførte tiltak skal beskrivast. Denne informasjonen skal gjerast tilgjengeleg for naboane og rapporterast til forureiningsstyresmakta i tråd med punkt 10.4.

Lukthandteringsplan og kommunikasjonsplan skal sendast til forureiningsmyndigheita innan 01.01.2026.

6 Støy

Det verksemda bidreg med av utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar, skal ikkje overskride følgjande grenser, målte eller berekna som innfallande lydtrykknivå ved den mest støyutsette fasaden:

Dag (kl. 07–19) $L_{pAekv12h}$	Kveld (kl. 19–23) $L_{pAekv4h}$	Laurdagar (kl. 07–23) $L_{pAekv16h}$	Søn-/heilagdagar (kl. 07–23) $L_{pAekv16h}$
55 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)

L_{pAeqT} er det A-vegne gjennomsnittsnivået (dBA) midla over driftstid, der T angir midlingstida i talet på timar.

L_{AFmax} er det gjennomsnittlege A-vegne maksimalnivået for dei 5–10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Støygrensene gjeld ikkje for busetnad av den nemnde typen som er etablert etter at støygrensene tok til å gjelde.

Alle støygrensene skal overhaldast innanfor alle tidsperiodane. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing og lasting av råvarer og produkt. Grensene gjeld likevel ikkje støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå transport av tilsette til og frå verksemdsområdet.

7 Utsleppskontroll og rapportering til forureiningsstyresmakta

7.1 Utsleppskontroll

Oppdaterte oversikter som viser leidningsnett, kummar, tankar, reinseinnretningar, utsleppspunkt, prøvetakingspunkt og liknande, skal vere tilgjengelege på anlegget til kvar tid.

7.2 Program for utsleppskontroll

Programmet for utsleppskontroll skal

- gjere greie for dei faktiske utsleppa frå verksemda til luft og vatn, og dessutan støy, med ei oversikt over alle utsleppsstraumar, volum og innhald
- beskrive dei ulike trinna i volumstrømmåling, prøvetaking, analyse og berekning for kvar straum og komponent
- beskrive måleutstyret som blir nytta til målingar, og frekvensen for måleutstyrskontroll og kalibrering
- grunngi valet av prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikk (metodar og frekvens)
- beskrive valde metodar/standardar for analyse
- om aktuelt, grunngi valet av frekvens for deltaking i SLP og/eller verifisering av analysar med eit akkreditert laboratorium
- gjere greie for kor mykje uvisse dei ulike trinna bidreg til

7.3 Rapportering til forureiningsstyresmakta

Innan 1. mars kvart år skal den driftsansvarlege rapportere til forureiningsstyresmakta. Den årlege rapporteringa skal omfatte ei vurdering av påverkinga for verksemda på miljøet i rapporteringsåret, ei oversikt over avfallsmengdene anlegget har teke imot, behandla og sendt vidare, kjende brot på løyvet, energi og andre miljømessige forhold ved verksemda.

Saman med den årlege eigenkontrollrapporten skal den driftsansvarlege sende forureiningsstyresmakta ein rapport over talet på luktklager og lukthendingar ved anlegget det siste året. Årsaka til dei enkelte lukthendingane og/eller luktklagene, og eventuelle tiltak som er gjennomførte for å avgrense eller stanse utsleppet, skal inngå i rapporten.

8 Miljøovervaking – utsløppskontroll

Verksemda skal ha ei oversikt over alle utsløpp frå anlegget og skal gjennomføre relevante målingar og vurderingar av utsløpp til luft, vatn og støy til omgjevnadene. Bedrifta kan bli pålagt å overvake moglege miljøeffektar av verksemda i samsvar med eit overvakingsprogram. Dette gjeld både effektar på luft, grunn og vatn i den grad dette er aktuelt. Utgifter til slike undersøkingar skal dekkjast av eigaren. Data som blir skaffa til veks ved eventuell overvaking i vatn, skal registrerast i databasen Vassmiljø. Data blir levert på Vassmiljøs importformat, som finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no> Her finst også oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med Vassmiljøs kodeverk.

9 Undersøkingar og utgreiingar

9.1 Tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn

Den driftsansvarlege skal vurdere forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn. Denne vurderinga skal gjennomførast i samsvar med Miljødirektoratets rettleiar M-630/2016 *Tilstandsrapport for industriområde*.

Dersom den driftsansvarlege meiner forureiningsbiletet er godt dokumentert i tidlegare undersøkingar, skal tilstandsrapporten ferdigstillast i si heilskap før ho vert sendt inn. Dersom det er behov for nye undersøkingar for å dokumentere tilstanden i grunnen, skal undersøkjingsprogrammet og rapportering frå trinn 1 til 5 sendast til forureiningsmyndigheita for vurdering før undersøkingane vert sette i gang.

Eldre og nye analyseresultat av grunnprøver skal leggjast inn i Miljødirektoratets database *Grunnforureining*.

Dersom det verken har førekome eller kan inntreffe grunnforureining på verksemda sitt område, skal den driftsansvarlege avslutte og sende inn rapport frå dei innleiande undersøkingane (trinn 1-3 i rettleiaren). Rapporten skal sendast til forureiningsmyndigheita innan 01.01.2026.

Dersom forureiningsmyndigheita, med utgangspunkt i denne rapporten, finn at tilstanden i grunn og grunnvatn må dokumenterast, vil den driftsansvarlege verte pålagd å utarbeide ein full tilstandsrapport i samsvar med Miljødirektoratets rettleiar M-630/2016.

9.2 Utgreiing av mottakskriterium for avfallet anlegget kan ta imot

Verksemda skal utgreie følgande før oppstart av anlegget:

1. Kriterium for mottak av avfall for følgande element:
 - Plast
 - Andre ureiningar
 - Tungmetall
 - Miljøgifter

Mottakskriteria skal sikre at det er mogleg å gjenvinne avfallet med tilstrekkeleg kvalitet.

9.3 Luktundersøking

Den driftsansvarlege skal gjennomføre ei luktundersøking i samsvar med Miljødirektoratets rettleiar TA 3019/2013 *Regulering av luktutsløpp i løyve etter forureiningslova*, vedlegg 6. Luktundersøkinga

skal vise kor mange timar i månaden det er gjenkjenneleg lukt hos naboar, eventuelt uttrykt som lukteiningar i ou/m^3 .

Utgreiinga skal sendast til forureiningsmyndigheita 6 mnd etter oppstart.

Vedlegg 1: Omgrep og forkortingar

Omgrep	Forklaring
ADR	Avtalen om internasjonal vegtransport av farlig gods
BAT-AEL	Bat Associated Emission level – forpliktande utsléppsgrensenivå for verksemdar omfatta av IED
Den driftsansvarlege	Den fysiske eller juridiske personen som driv eller kontrollerer drifta av verksemda
Diffuse utslepp	Alle utslepp utanom eventuelle punktkjelder
Fast dekke	Fast dekke med moglegheit for oppsamling av avrenning, t.d. asfalt
IED	Industriutsléppsdirektivet
Impulsstøy	Kortvarige, støyttise lydtrykk som varer under 1 sekund, og der impulslyden er av typen "highly impulsive sound" som definert i T-1442 kapittel 6
Innandørs	Fire vegger, tak og dør eller port
Midlingstid	Tidsrommet for berekning av gjennomsnittet av prøvene i ei måling
Tett dekke	Fast, ugjennomtrengjeleg og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle avfallstypene
Verksemd	Den forureinande aktiviteten på ein viss lokalitet